

---

Til: Administrasjonsutvalet

---

Frå: Fylkesdirektøren

---

## Status og utvikling av lærlinge- og traineeordninga i VLFK.

I samband med fylkestinget desember 2020, si handsaming av budsjett for 2021, vart det gjort vedtak om mellom anna følgjande verbalforslag:

*«Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinære arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.*

- *Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.*
- *Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.»*

Fylkesdirektøren presenterer i dette notatet status og eventuelt vidare føresetnader for ytterlegare vekst i tal på lærlingar og traineear.

### 1. Lærlingar og lærekandidatar

Vestland fylkeskommune (VLFK) har per september 2021 totalt 73 lærlingar og lærekandidatar fordelt på 11 fag, sjå tabell nedanfor. Omlag 48 av desse er innan IKT og dataelektronikarfaget. VLFK har over fleire år auka talet på lærlingar, og det har no stabilisert seg noko. Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (SUD) har tatt ein stor del av auken dei siste åra. IKT-eininga har med mange lærlingar hatt eit særleg behov for støtte, noe også HR seksjonen merkar som bidreg i einskilde sakar.

VLFK er stolt av lærlingane, og at vi er ei verksemd som etterkvert har mange lærlingar. Vi opplever likevel at organisasjonen er på eit punkt der vi ser at dersom vi skal ta inn fleire lærlingar enn vi har no, vil det krevje utvida ressursar til både koordinering og meir oppfølging av lærlingane og lærekandidatane. Lærlingar og særleg lærekandidatar krev meir oppfølging enn ordinære tilsette, då dei er under opplæring, og dei fleste er ny i arbeidslivet. For 80 lærlingar er kostnadane per år berekna til omlag 10 mill. (lønnsutgifter, andre utgifter og fråtrekk for tilskot). Dersom ein aukar til 100 lærlingar må ein medrekna ein auke på ca. kr. 2,5 mill. per år.

Oversikt over lærlingar og lærekandidatar per lærefag:

|                                |    |
|--------------------------------|----|
| Barne- og ungdomsarbeidarfaget | 3  |
| Byggdriftarfaget               | 2  |
| Dataelektronikarfaget          | 13 |
| Hestefaget                     | 4  |

|   |           |
|---|-----------|
| IKT servicefaget                        | 35        |
| Institusjonskokkfaget                   | 2         |
| Institusjonskokkfaget<br>(Lærekandidat) | 1         |
| Kokkefaget                              | 1         |
| Kokkefaget (Lærekandidat)               | 1         |
| Kontor- og administrasjonsfaget         | 8         |
| Salsfaget                               | 1         |
| Reinhaldsoperatør (Lærekandidat)        | 1         |
| Reiseliv                                | 1         |
| <b>Totalsum</b>                         | <b>73</b> |

Fylkessdirektøren opplever i dag at administrasjonen har nådd eit tak for kor mange lærlingar og lærekandidatar som kan tildelast lærepllass, og tilrår same nivå neste år gitt at vi skal gje lærlingane og lærekandidatane ein god fagleg opplæring og rettleiing inn i arbeidslivet. Dersom det er aktuelt å auke talet på lærlingar og lærekandidatar vil dette medføre auka kostnader til lærlinglønn og administrativt ressursbruk for å stette tett og god oppfølging.

## 2. Trainee ordninga

### 2.1. Trainee Vest

er eit traineeprogram med mål om å tiltrekke seg dei beste nyutdanna talenta til Stor-Bergen (Bergen Næringsråd nytta formuleringa «vår regions næringsliv»). Sidan etableringa i 2008 har 139 traineear gjennomført programmet. Trainee Vest tilbyr eit breitt spekter av stillingar innan mange ulike fagområde med kombinasjon av fagleg og personleg utvikling. Ei traineestilling byr på mye kompetanse, nye utfordringar, nettverk i næringslivet og flotte opplevelingar gjennom året.

For å kvalifisere til ei trainee-stilling må søkeren ha:

- Bachelor- eller mastergrad
- Maksimalt tre års arbeidserfaring etter avslutta utdanning
- Gode norskunnskapar og beherske norsk som arbeidsspråk
- Ha vilje og pågangsmot til å ta fatt på eit krevjande år

Ei trainee-stilling gir:

- Ein unik overgang frå studiar til arbeidsliv
- Eit mangfoldig nettverk i næringslivet og ein spennande jobb
- Fagleg og personleg utvikling
- Konkuransedyktige vilkår
- Tilgang til Bergen Næringsråd sitt nettverk for unge i næringslivet

### 2.2. Trainee Vestland

Framtidsfylket Trainee og Trainee Indre Hordaland har inngått eit samarbeid om Trainee Vestland. Dei omtaler Trainee Vestland som «eit viktig verkemiddel for å synleggjere distriktsvestland som ein attraktiv og solid arbeidsregion». Trainee Vestland er det einaste fylkesdekkande traineeprogrammet i landet.

Målet er å styrke konkurransekrafta og innovasjonsevna til næringslivet i Distriktsvestland ved å auke talet unge menneske med høgare utdanning som vil arbeide og bu her. Sidan oppstart i Sogn og Fjordane (2004) er det rekruttert 270 kandidatar.

Ordninga fokuserer sterkt på kompetansebygging for kvar einskild trainee:

- Personleg utvikling

- Kompetanseheving
- Bygge kunnskap om bedrifter og næringsliv i fylket
- Skape relevante nettverk

I tillegg skriv Trainee Vestland at det gir:

- Ein unik overgang frå studieliv til arbeidsliv
- Innsyn i næringslivet i Vestland
- Eigen mentor i bedrifta som følger deg opp
- Fellessamlingar med fagleg og sosialt program
- Studietur til utlandet

I 2019/20-kullet vart 21 av 25 traineear verande i Sogn og Fjordane, og i 2020 fekk dei 700 søkerar til 33 stillingar.

For å kvalifisere til ei trainee-stilling må søkeren ha:

- maks tre års arbeidserfaring
- bachelor- eller masterutdanning
- beherske norsk munnleg og skriftleg

## 2.3.Tal trainee i VLFK i «sesongen» 2021-22

Avdeling for innovasjon og næring (INN):

- To traineear; ein i kvart av dei programma vi samarbeider med; Bergens Næringsråd/Trainee Vest og Framtidsfylket.
  - Trainee A er knytt til seksjon for grøn vekst, klima og energi og arbeider med sekretariat for Klimapartner. Utdanning som Master i europastudier frå NTNU.
  - Trainee B er knytt til seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv og arbeider med utvikling av lokalsamfunn, oppgåver innan reiseliv og landbruk. Utdanning som Master naturforvalting frå NMBU.

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (SUD):

- Ein trainee i seksjon plan, klima og folkehelse og som arbeider med planlegging og klimaomstilling. Utdanning som Master i Climate change Management. Stillinga er knytt opp mot programmet til Framtidsfylket.

## 2.4.Kostnad

Kostnaden pr trainee med mastergrad er pr år for 2022/23 kr. 700.000, og for ein trainee med bachelorgard vil kostnad vere kring kr. 570.000. Då er arbeidsgivaravgift, forsikringar, feriepengar osv. rekna med. Utanom dette må ein rekna arbeidstid og reise til og frå samlingane. Studietur kjem utanom, med ein kostnad på mellom 10.000-15.000 kr.

Skulle det vise seg at ein ikkje treff match på kandidatane så betaler ein for administrasjon, stillingsutlysing og marknadspakken, kr 20.000,-.

Fylkesdirektøren meiner traineeane tilfører fylkeskommunen som organisasjon mykje positivt. Vi er og opptekne av å visa at vår region kan by på eit mangfold av karrieremogelegeheter, slik at vi beheld mykje av den nyutdanna kompetansen her på Vestlandet.

Fylkesdirektøren legg difor opp til at kvar avdeling frå 2022 finansierar og tek i mot minst ein trainee. Det vil gje fylkeskommunen ein stad mellom 7 og 10 traineear til ei kvar tid.

HR koordinerer kontakten inn mot Bergens Næringsråd/Trainee Vest og Framtidsfylket, og vil og invitere til ei samling internt for traineeane.